

REINHEIMEN NASJONALPARK

REINHEIMEN





Trollveggen i formiddagssol. Elva Rauma

Villmark med veidemannsspor

Reinheimen nasjonalpark ligg i det nest største inngrepsfrie området i Sør-Noreg, og villmark pregar dette særs varierte fjellområdet. Dei høgste fjella i nasjonalparken reiser seg over 2000 m.o.h, medan det lågaste punktet ligg under Trollveggen ca. 130 m.o.h. Her finn vi mykje av det opphavlege fjelløkosystemet med villrein, jerv, kongeørn, jaktfalk og ryper.

Reinheimen er rik på kulturminne etter den gamle villreinfangsten. Her er fangstgroper, massefangstanlegg, bogestelle og restar av gamle buplassar til fangstfolka.



Mot toppen av Digervarden



NATUROPPLEVINGAR

Reinheimen kan by på allsidige og rike turopplevingar. Det meste av området er eit villmarksområde som i liten grad er tilrettelagt for friluftsliv, men i Tafjordfjella og vestlege delar av Skjåk finst merka stiar og turisthytter i og inntil nasjonalparken. Det finst og ein del hytter til utleige. Av omsyn til den sårbare villreinstammen har det ikkje vore ønskje om å marknadsføre eller kanalisere større ferdsel inn i området. Skal du ferdast i desse områda, må du basere deg på å bere telt og anna utstyr i ryggsekken.



Kjølenfjella



Rypejakt



Garnet vert sett ut

Tradisjonelt har bygdefolket brukt området til beite- og seterdrift, fiske, reins- og småviltjakt. Det vert sett ut aure i mange av fjellvatna. Som besøkande i området kan du få kjøpt fiskekort. Garnfiske er oftast reservert dei innanbygdsbuande. Spør om gode tips!

Du treng kort for å jakte både småvilt og rein. Reinsjakta er svært populært med mange gonger fleire søkarar enn det er kort. Villreinen i Reinheimen har opphav i tidlegare tamreindrift. Han er difor mindre sky enn dei opphavlege villreinstammane.



Ulvådalen



Ulvåa

LANDSKAP OG GEOLOGI

Landskapet i Reinheimen varierer veldig. I vest finn du eit dramatisk landskap med kvasse tindar og egger, botnar, urer og strie elver. Går du fram på Bruraskaret mot Romsdalen, er det kring 1000 meter fritt fall ned Trollveggen. Her ligg brear og blinkande fjellvatn i botnane. Austover vert terrenget slakare med vidder og rolege flyer. Dalane er breiare og elvene flyt stillare.

Terrengforskjellane skuldast ulik berggrunn, klima og landheving i dei ulike delane av Reinheimen. Det meste av området er dominert av lyse og næringsfattige gneisar. I aust kjem ein inn i yngre, næringsrike bergartar som fyllitt og glimmerskifer. Mot Tafjorden og i ei sone mellom Grotli og Asbjørnsdalen finn ein lokale førekomstar av olivin. I vest har landet heva seg meir etter istida.


Dette, saman med meir nedbør, har gjort at elvene har fått større fall og meir kraft til å grave seg ned i terrenget. Elver som før rann austover, munnar no ut i vest pga. denne erosjonen.

Dei høgaste fjellområda er dekte av blokkhav danna av forvitring. Elles er det meste av dei austlege delane av Reinheimen dekt av morenemassar. I dei brattare områda i vest finn du meir rasjord. Ved fjellet Børa vest for Marstein har vatn avløp til eit omfattande sprekkesystem i fjellsida. Reinheimen har tydelege spor etter isen og breelvene, og mange slike former kan studerast her.

Reinheimen er kjelda for fleire verdfulle vassdrag. Istra, Rauma, Lora, Finna/Skjerva, Valldøla og Tora/Føysa kjem frå dette fjellområdet. Dei utgjer eit unikt tilfang til norsk vassdragsnatur. Vassdragsnaturen er storslagen, vill og vakker med ei rekke kvartærgeologiske former. Is- og vasskapte interessante område finn du t.d. ved Sponghøi og Vesleskjervdalen.



Karitind, Høgstolen og Pyttegga


Andalsnes
Sogge
Isterdalen
Middaustinden
1569
Bispen
1462
Breitind
1797
Trollveggen
Stigrøra
Marstein
Trollstigen LVO
Taskedalstind
1595
Kalehøgda
Dronningen
1676
Høgstolen
1739
Bjorstad
Uri
Vermedalen
Hånadalstind
1806
Hattane
1624
Tjønnebu
Høgtunet
Neskoppfjell
1687
Rørsdalen LVO
Muldalsvika
Tafjord
Tafjord - Geiranger LVO
Ilsnipfjellet
1880
Vakkerstøyla
Brøste
Høglunga
1912
Lågtunga
1645
Pyttegga
1999
Pyttbua
Zakrisvatnet
Hareggja
1557
Kaldhusseter
Reindalsseter
Karitind
1982
Benkehoe
1934
Storhoe
1892
Fieldfaretbytta
Veltdalshytta
Langegga
1589
Danskehytta
Torsbu
Digerkampen
1945
1666
Høggoymen
1739
Storbreen
REINHEIMEN NASJON
Krossho
1857
Vinjeegga
1668
Gråhoe
2014
1961
Skarvedalsegga
Grotli
Billingen
Svartålkyrkja
1322
Pollfoss
Mjølahaugan
1441
Dyberget
Bismo

TEIKNFORKLARING




0 km 4 8 12 16 20 km

Målestokk 1:500 000

Formgiving og digital kartografi:
Gåsvatn kart-tjenester, www.kart-tjenester.no
Digitale kartdata: Statens kartverk N250.
Tillatelse nr. MAD12002-R125240

- Fylkesgrense
- Nasjonalpark
- Landskapsvernområde
- Naturreservat
- Parkering
- Overnatting
- Servering
- Nasjonalparksenter
- Informasjon
- Campingplass
- Betent turisthytte
- Sjølvbetent turisthytte
- Ubetent turisthytte




Greplyng


Fjellpryd



PLANTELIV

Reinheimen har stor variasjon i vegetasjonen. Dette skuldast varierande geologi, høgde over havet og klima. I dei høgastliggande fjellområda er det lite vegetasjon. Ur og blokkhav er tilgrodde med steinlav. I austlege område finn du tørre og næringsfattige hei- og rabbesamfunn. Her er dei viktigaste vinterbeita til reinen. Lenger vest er det frodigare med snøleier og meir gras og urtar. Dette er viktige sommarbeite både for rein og sau.


Lapprose

Ved Slådalsvegen lengst aust i området finn du ein artsrik og svært interessant kalkkrevjande fjellflora. Berre dei aller beste klassiske "plantefjella" i Sør-Noreg kan oppvise eit større mangfald med fleire sjeldsynte artar.



Villrein



Heilo



Perleugle



DYRELIV

Reinheimen har ein artsrik fauna. Området er eitt av dei beste og mest produktive villreinområda i landet, med høge vekter og stor kalvetilvekst. Villreinen finn gode beiteområde i Reinheimen gjennom heile året. Det er få større inngrep i området, og liten ferdsel som forstyrrar reinen. Ta omsyn til reinen om du skulle gå deg på ein flokk. Set deg ned og lat dyra passere forbi deg, eller trekk unna og gå rundt på minst 4-500 meters avstand. Unngå at dyra får lukta av deg, gå på den sida av dyra som vinden bles mot!

Jerven har kome attende til dette høgfjellsområdet, og ynglar årvisst her.

Reinheimen har også stor verdi for truga fugleartar i Noreg. Du kan sjå kongeørn og jaktfalk spreidd i området. Hekkeplassane til desse er sårbare for forstyrring. Andre typiske høgfjellsartar er fjellerke, bergand, havelle, svartand, fjæreplytt, boltit og myrsnipe. Ved Råkåvatnet og Leirungsvatnet er det funne opp mot 20 artar av hekkande våtmarksfugl.

Store delar av verneområdet er viktige område for rype. Fjellrypa er knytt til dei høgastliggande områda, medan lirypa har leveområda sine i bjørkeskogbeltet i lågfjellet.



HISTORIE OG KULTURMINNE

Folket i bygdene rundt Reinheimen har vore nær knytt til fjellet, og i dalane inn mot nasjonalparken finst fleire setermiljø. Utnytting av beiteressursane til sau og storfe er framleis viktig.

I skandinavisk samanheng er Reinheimen eitt av dei viktigaste områda for kulturminne etter jakt og fangst frå jernalder og middelalder. Spor etter veidemannskulturen er synleg ei rekke stader i fjellet, og her kan du t.d studere fangstgroper, bogesteller og kilometerlange fangstsystem for rein. Villreinen vart også drive uti vatn for å bli fanga der. I området finst over tusen kulturminne knytt til fangst på rein. I tillegg kjem fleire falkefangaranlegg og andre fangstminne. Side om side med dei forhistoriske kulturminna finn ein jakt- og fiskebuer frå dei siste hundreåra.

Trekkrutene til villreinen er lite endra, og dyra passerer framleis dei gamle fangstsystema. Dette gjer at vi lettare kan forstå kulturminna knytt til jakt og fangst. Jakta på villrein skjer også i dag og er ein ti-tusenårleg uavbroten tradisjon. Jakt og fangst er viktige tema i den lokale forteljartradisjonen i bygdene rundt Reinheimen.

Bogestelle ved Hundsjøen



Krokuttjønn



I ein nasjonalpark er du gjest i naturen

- Gå der du vil, på beina eller på ski. Alt som har motor er i utgangspunktet forbode.
- Rast der du vil, nytt gjerne telt for overnatting. Rydd opp etter deg, og ta med bosset heim.
- Du kan gjerne tenne opp bål, men hugs det generelle forbodet mot bålbrenning i skogsmark mellom 15. april og 15. september. Vis omsyn når du sankar ved.
- Du kan plukke bær, sopp og vanlege plantar til eige bruk. Vis omsyn til kulturminne, vegetasjon og dyreliv. Ta ekstra omsyn i hekke- og yngletida.
- Jakt og fiske er tillate som elles. Hugs jakt-/fiskekort. Ikkje bruk levande fisk som agn. Du må heller ikkje ta med deg levande fisk frå eitt vassdrag til eit anna.
- Du kan ta med deg hund, men hugs bandtvang.



Grøna, med utspring ved Gråhø

Kort om Reinheimen nasjonalpark

Kvar: Norddal og Rauma kommunar i Møre og Romsdal fylke. Lesja, Lom, Skjåk og Vågå kommunar i Oppland fylke.

Særpreg: Det nest største urørte naturområdet i Sør-Noreg. Store interesser innan geologi, botanikk, zoologi og kulturhistorie. Verdfulle verna vassdrag med tilhøyrande biologiske samfunn. Høgproduktiv villreinstamme.

Friluftsliv: Området vest for aksen Billingen – Brøste har oppmerka turstiar og turisthytter. Aust i området er det ikkje lagt til rette for fotturistar, m.a. av omsyn til villreinen.

Slik kjem du til Reinheimen nasjonalpark: Med fly til Molde lufthamn eller Ålesund lufthamn, vidare med buss. Med tog til Otta, Lesja, Bjorli eller Åndalsnes. Vidare med buss og/eller taxi. Med buss/bil: RV 15 mellom Otta og Grotli, E 136 mellom Dombås og Åndalsnes. RV 63 over Trollstigen (vinterstengt mellom nov og mai). Det går mange vegar inn seterdalane til nasjonalparken (bomvegar). Det er parkering langs dei fleste vegane.

Informasjon om overnattings- og servicetilbod: Turistinformasjon i kommunane, Bjorli – Lesja Reiseliv AS, tlf 612 45645 www.bjorli.no
Åndalsnes og Romsdal Reiselivslag,
tlf 712 21622 www.visitandalsnes.no
Destinasjon Geirangerfjord – Trollstigen,
tlf. 702 63800 www.dgt.no
Jotunheimen Reiseliv AS, tlf 61 21 29 90 www.visitlom.com

Kart: 1319 I-IV, 1320 II og III, 1419 II og III, 1518 I og IV, 1618 I og IV.(1:50.000) Turkart Tafjordfjella for nord-vestre delar (1:50.000).

Oppretta: 2006


Areal: 1969 km²

Tilliggande verneområde: Finndalen landskapsvernområde, Ottadalen landskapsvernområde, Lordalen landskapsvernområde, Romsdalen landskapsvernområde, Trollstigen landskapsvernområde, Tafjord-Reindalen landskapsvernområde, Brettingsmoen naturreservat

Forvaltning og oppsyn: Kontakt kommunane eller Fylkesmannen i Oppland, tlf 61 26 60 00 og Møre og Romsdal fylke, tlf 71 25 80 00. Oppsyn vert utført av Statens naturoppsyn (Rauma og Skjåk, kontor under etablering) og lokale oppsynsordningar.

Meir informasjon: www.norgesnasjonalparker.no

NORGES
NASJONALPARKER



Friisbua - Torsvatnet

Direktoratet for
naturforvaltning
www.dirnat.no

TE1228 Gurl Jernstad AS, GRØSET™ Foto: Per Jordhøy, Jan Ove Gjershaug og Øivind Loeren. Fargesetting: i Lordalen